




VIL DU KØYRE BUSS?



VIL DU KØYRE BUSS?

Hensikt

I denne leiken vil barna utvikle sine motoriske ferdigheiter knytt til forflytning ved at ein nyttar ulike måtar å forflytte seg på.

Utstyr

Rockeringar

Forklaring

1. Legg nokre få rockeringar på bakken. Dette er buss-stopp.
2. Gje eitt eller fleire barn (avhengig av kor mange barn som er med på leiken) ein rockering som dei plasserer seg inni og held rundt magen. Dette er bussen/bussane.
3. Dei som ikkje har rockering fordelar seg på buss-stoppa i leikeområdet.
4. No kan bussane køyre rundt mellom rockeringane og plukke opp passasjerar som dei fraktar til eit anna valfritt buss-stopp. Passasjerane stig på bussen ved at dei held i ringen bak sjåføren.
5. Hugs å bytte sjåførar etter ei stund.

Variasjon

- Dømer på ulike måtar å forflytte seg på: gange, springing, hopp, hinking, som alle kan gjerast framlengs, baklengs eller sidelengs.